



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/568 - 18/14350

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
03.10.2018

Byggesak Gbnr 41/12 - Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon og førehandsvarsel om å frata ansvarsrett fra ansvarleg søker

Tiltak: Ilandstignings rampe, grillhus, veg og rehabilitering av våningshus
Byggjestad: Gbnr: 41/12
Tiltakshavar: BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD
Ansvarleg søkjar: ABSOLUTT FORM - Rolf Hermansen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar tilleggs dokumentasjon den 19.09.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og tilleggs dokumentasjonen og finn at søknaden fortsatt ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Oppdatert gjennomføringsplan

Gjennomføringsplanen etter SAK10 § 5-2 skal sendast inn både ved søknad om rammeløyve og søknad om igangsetjingsløyve, i tillegg til ved endringssøknader. I tillegg skal gjennomføringsplan sendast inn ved søknad om ferdigattest og midlertidig bruksløyve, jf. SAK10 § 8-1.

Kommunen har motteke oppdatert gjennomføringsplan datert 19.09.2018. Det er fortsatt ikkje samsvar mellom innsendt gjennomføringsplan og erklærte ansvarsretter, vidare manglar ansvarsområde for innmåling på gjennomføringsplanen.

Erklæringar om ansvarsrett

Ansvarsrett skal erklærast for alle ansvarsområde i tiltaket. Opplysningar om ansvarsrett skal følgje søknaden, jf. SAK10 § 5-2 tredje ledd bokstav q).

I erklæring om ansvarsrett frå Absolutt Form – Rolf Hermansen er det berre erklært ansvar for ansvarleg søker. Samstundes kjem det fram av gjennomføringsplanen at Absolutt Form – Rolf Hermansen har ansvar som «ansvarleg søker», prosjektering av «estetikk, arkitektur, verneverdig bygning» samt utførelse av «oppfølging av arbeid med verneverdig bygning».

Det er dermed ikkje samsvar mellom ansvarsområdene som er lagt til Absolutt Form – Rolf Hermansen i gjennomføringsplanen og det som det er erklært ansvar for.

Det manglar erklæring av ansvarsrett for prosjektering av «estetikk, arkitektur, verneverdig bygning» samt utførelse «oppfølging av arbeid med verneverdig bygning» frå Absolutt Form – Rolf Hermansen.

Vidare har Os Kaiservice AS erklært ansvar for prosjektering av miljøsanering og utførelse av følgjande områder: «innmåling av veg, tømmer og trekonstruksjoner, murarbeid/pipe, takteking, arbeid bevaringsverdige bygningar, riving og miljøsanering»

Det er sendt inn erklæring om ansvar for utførelse av veg- og grunnarbeider, sjølv om det kjem fram av gjennomføringsplanen at dette er erklært av Os kai service. Alle erklæringar om ansvarsrett skal sendast kommunen saman med søknad om løyve til tiltak.

For ansvarsområde utførande «arbeid på bevaringsverdige byggverk» kjem det fram av gjennomføringsplanen at både Os Kaiservice AS og Absolutt Form – Rolf Hermansen har erklært ansvar for ansvarsområde. Det ligg føre erklæring om ansvarsrett frå Os Kaiservice AS, men ikkje frå Absolutt Form – Rolf Hermansen for ansvarsområde.

Kommunen stiller vidare spørsmål ved at Absolutt Form – Rolf Hermansen har ført inn sitt føretak med følgjande ansvarsområde i gjennomføringsplanen – «oppfølging av arbeid med verneverdig bygning». Ansvarsområde knytt til utførelse er «arbeid på bevaringsverdige byggverk». Det er altså sjølve arbeidet som utførast som skal ansvarsbelaggast og Absolutt Form – Rolf Hermansen skriv sjølv i søknaden at saka har kome skeivt ut fordi han blei engasjert seint i prosessen.

Det er ansvarleg søker sitt ansvar å syte for at alle relevante ansvarsområde er belagt med ansvar, jf. pbl. § 23-4, jf. SAK § 13-5.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 24.10.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan handsaming og tiltaka følgt opp som ulovlege tilhøve etter plan- og bygningsloven.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Førehandsvarsel om å frata ansvarleg søker ansvarsretten

Det følgjer av plan- og bygningsloven § 23-3 tredje ledd at:

«Kommunen skal treffe vedtak om å frata foretak ansvarsrett ved alvorlige overtredelser av bestemmelser eller tillatelser gitt i eller i medhold av denne lov, eller dersom den finner at ansvarlig foretak ikke fyller de krav som stilles til kvalifikasjoner, pålitelighet og dugelighet. Før det treffes slikt vedtak, skal foretaket gis varsel med frist til å uttale seg. Dersom kommunen finner det nødvendig, kan den straks sette ansvarsretten ut av kraft inntil saken er endelig avgjort.»

Ansvarleg søker sitt ansvar følgjer av pbl. § 23-4. Det følgjer av § 23-4 at:

«Ansvarlig søker er tiltakshavers representant overfor kommunen, og har ansvar for at søknaden inneholder nødvendige opplysninger for at kommunen skal kunne ta stilling til om tiltaket er i samsvar med bestemmelser og tillatelser gitt i eller i medhold av denne lov.

Ansvarlig søker skal samordne de ansvarlige prosjekterende, utførende og kontrollerende, og påse at alle oppgaver er belagt med ansvar.

Ansvarlig søker har ansvar for at tiltaket avsluttes ved innsending av nødvendige opplysninger for kommunens utstedelse av ferdigattest.»

Ansvarleg søker sitt ansvar er vidare spesifisert i SAK § 12-2. Der følgjer blant anna at ansvarleg søker er ansvarleg for:

«c) at søknad om tillatelse, eventuelt rammetillatelse og igangsettingstillatelse, inneholder alle opplysninger som er nødvendig for å vise at tiltaket oppfyller krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven, jf. § 5-4, herunder tiltakets plassering, avklaring av behov for dispensasjon, utarbeiding og oppdatering av gjennomføringsplan og tilrettelegging for kontroll, og forslag til tiltaksklasser for fagområdene, jf. § 9-4 om tiltaksklasser og § 5-3 om gjennomføringsplan

d) å identifisere og avklare ansvarsområdene for ansvarlige foretak, både ved rammetillatelse og igangsettingstillatelse, og sørge for at erklæringer om ansvarsrett er sendt inn. Ansvarlig søker har ansvar for at nødvendige underskrifter foreligger fra tiltakshaver og de ansvarlige foretak. Ansvarlig søker skal melde fra til kommunen ved mangler, endringer og opphør av ansvarsretter

e) å påse at det blir utarbeidet avfallsplan, miljøsaneringsbeskrivelse, sluttrapport for avfallshåndtering og innhentet dokumentasjon for faktisk disponering av avfall»

Kommunen har i denne saka sendt brev om manglar den 23.03.2018, 04.05.2018, 30.08.2018 og i dette brevet. Absolutt Form – Rolf Hermansen har som ansvarleg søker dermed allereie hatt fire forsøk på å levere ei komplett søknad i saka utan å lukkast. Mangelsbreva frå kommunen har vidare vore detaljerte slik at det skal vere lett for ansvarleg søker å sende manglande dokumentasjon.

Manglande som no står att er i stor grad knytt til ansvarleg søker sine eigne ansvarsområde og samsvar mellom erklærte ansvarsrettar og gjennomføringsplan.

Kommunen stiller samstundes spørsmål til at det kjem fram av gjennomføringsplanen at alle samsvarserklæringane, med unntak av prosjektering av miljøsanering, er signert 18.02.2018. På dette tidspunkt var tiltakshavar og utførande føretak av den oppfatning at tiltaka ikkje var søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det har dermed formodninga mot seg at samsvarserklæringane allereie var signert på dette tidspunkt.

På bakgrunn av dette førehandsvarslar kommunen at det kan bli aktuelt å frata Absolutt Form – Rolf Hermansen ansvarsretten som ansvarleg søker, jf. pbl. § 23-3 tredje ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd Hellebakken 45 5039 BERGEN

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen Bredsgården 2 5003 BERGEN